



Desse 5 sit i det nye styret: Foran frå venstre Pål Haugland, Bjarne Lilleaas og Bjarte Døssland. Baak Oddmund Soldal og Johan Henrik Lyse. Elisabeth Sæle var ikkje til stades. (Foto: Ola Matti Mathisen)

**Både leiar Eli Eiane Klyve og nestleiar Bjørn Olav Tveit takka for seg under årsmøtet i idrettslaget søndag kveld. Johan Henrik Lyse, Oddmund Soldal og Bjarte Døssland var ikkje på val. Nye i styret vart Bjarne Lilleaas, Pål Haugland og Elisabeth Sæle.**

**Då ingen under årsmøtet var villige til å ta på seg leiarvervet, vart det bestemt at styret skal konstituera seg sjølv komande søndag.**

Valnemdleiar Michael Røssland kommenterte valet og si oppleving av det på denne måten:

- Dette er ein håplaus karusell kvart år. Fleire lag og organisasjonar konkurrerer heile tida om dei flinke folka og dei sit for stutt tid i verva. Vi må satsa på meir langsiktigheit. Så stutte funksjonstider er ikkje heldige. Dei som blir valde går til oppgåva med mange gode idear - men om stutt tid er dei ute att.

Leiar i fotballgruppa Jostein Hauso var heilt samd i dette, men la til: - Vilkåret må vera at situasjonen blir leveleg for dei som seier ja takk til verv.

I årsmeldinga for i fjor blir det streka under at laget har mange aktive medlemmer i alle aldrar og særleg positiv er den gode rekrutteringa blant dei yngste. Det har også vore flinke og gode trenarar gjennom året. Undergruppene har jobba godt og fungert veldig bra. Men drifta av dei tekniske anlegga som laget eig har vore ei større

utfordring. Til dømes har klyppinga på Heio vore det, men årsmeldinga nemner også ugraset som breier seg utover grusbanen og området rundt.

Økonomien er ved årsskiftet bra, takka vera ein del oppspart kapital samt lite pengar brukt på nytt utstyr og vedlikehald i fjor. I 2009 vart den årlege leiga i Hallen auka betrakteleg og kom opp i 57.000 kroner. For framtida kandet bli krevjande å få inn nok midlar til å kunne halda både grusbana og Heio i ønskjeleg stand,

Overføringa frå kommunen og staten er minimal og dei faste kostnadane langt høgare enn inntektene, Pål Haugland kommenterte at laget får berre 12.000 frå kommunen med å opplysa at dei fekk ein slik sum berre til Heio allereie på 1950-talet.- Vi har altfor store utgifter og situasjonen er urettferdig. meinte han.

Leiar Eli Eiane Klyve minte om at det berre er Uskedalen og Strand-Ulv som betalar for hall og Bjarne Lilleaas lova å ta opp saka ved neste budsjettrevisjon.

Kasserar Oddmund Soldal karakteriserte økonomien som sunn og god. Han minte mellom anna om at lotteri-inntektene omtrent er dobla og at SPAR Heiocup ga eit svært godt utbytte. Michael Røssland kalla det fantastisk at eit arrangement som det på Heio kan koma opp i ein omsetnad på 80.000 kroner.

- Det er utruleg kva ein kan få til hvis ein strekk seg litt, sa han.

Men no er det ikkje meir treningstid å få i Hallen. Han er sprengt fram til klokka 21.

Av Ola Matti Mathisen